

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 2 / 19 · 29. ÅRGANG



**3-4**

Nypresten

**6-7**

Kulturportrett

**13**

Hiphop i kyrkja



**KONTAKT** er kyrkjebladet for  
**Meland kyrkjelyd. Det vert laga i  
samarbeid med Alversund, Seim,  
Lygra, Osterfjorden og Mo sokn.**  
Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.  
**Bankgiro:** 3632.07.04019 eller  
**Vipps 59301**  
**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger  
**Redaksjon:** Stine Karin Sæle, Torbjørn  
Bøen og Anne Sofie N. Uthaug  
**Grafisk design:** Opplett  
**Trykk:** Bodoni AS



**Bjørn Tore Sæle**  
Sokneprest - 56 17 14 84  
bs694@kyrkja.no



**Ruben Sæle**  
Diakon med ungdomsfokus  
56 17 14 88 - rs433@kyrkja.no



**Helge Hitland**  
Vikarprest - 905 75 780  
helge.hitland@bkkfiber.no



**Anne Marit Fosse Dahle**  
Kyrkjelydsmedarbeider - 56 17 14 82  
ad423@kyrkja.no



**Junji Furukawa**  
Kyrkjeterar - 467 97 567  
junjif@sky.plala.or.JP

**Framsidebilde:** HipHop-danseframføring  
på livleg gudsteneste i mars.  
Foto: Anders Godø  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)  
**Adresse:** Postboks 117, 5906 Frekhaug  
**Telefon:** 56171480  
**Epost:** post.meland@kyrkja.no  
Besøksadresse kontor og Møteplassen:  
Havnevegen 31, Frekhaug  
**Treffetid:** Mandag, onsdag  
fredag 12.00-15.00



**Anne Sofie Nergård Uthaug**  
Kyrkjelevere - 56 17 14 85  
au887@kyrkja.no



**Håkon Økland Kinsarvik**  
Spesialprest - 56 17 14 80  
hk482@kirken.no



**Trond Fykse**  
Kyrkjelydsmusikar - 56 17 14 83  
tf788@kyrkja.no



**Linda Gripsgård Lunga**  
Konsulent - 56 17 14 80  
ll362@kyrkja.no



**Regine Sagstad Berg**  
Soknerådsleiar - 993 24 460  
reginesagstad@gmail.com

# Tankestrek

## «Kirkemøteettertanker»

Av: Berit Nøst Dale, Medlem i Bjørgvin bispedømeråd

Jeg har vært på mitt siste kirkemøte i Trondheim og med det deltatt i «kirkens Storting» i to fireårsperioder, 12-15 og 16-19, som valgt lek representant i Bjørgvin bispedømmeråd, den eneste fra Nordhordland. Det fortsetter ut 2019. Hva sitter jeg igjen med etter disse årene på kirkemøtet?

Det har vært både spennende og kjekt, men også trist til tider, syns jeg. Jeg skal forklare hvorfor:

På kirkemøtet arbeider vi i komitéer, som på Stortinget, og møtes i plenum når sakene skal til felles drøfting og votering. I den første perioden var misjonssaken den store saken for min del. Det var min komité som hadde den, der jeg var komitéleder, og vi fikk et samstemt kirkemøte med på vedtaket. Den fås kjøpt i bokform, «Misjon til forandring», en praktisk hjelp til å integrere misjon i menighetene. Så fikk vi ny salmebok i 2013, som var en hyggelig sak siden vi fikk være med på å bestemme innholdet. «Meir himmel på jorda», saken om Den norske kirkes visjonsdokument i 2014, var jeg saksordfører for og godt fornøyd med utformingen av.

Veien mot en selvstendig folkekirke løst fra staten ble begynt på etter vedtaket i Stortinget i mai 2012. Selvstendiggjøringen tar tid, så det er først i 2020 at alt kommer på plass, etter at vi nå får en ny lov om tros- og livssynssamfunn. I 2019 var det derfor mange «kjedelige» saker med alt som det innebærer når kirkemøtet overtar for departementet som ansvarlig instans; ny kirkeordning, valgregler, personalreglement, budsjettreglement osv.

Etter valget i 2015, med mange nye folk i salen, ble ny ekteskapslitrugi saken som fikk altoverskyggende oppmerksomhet og som skapte et tydelig skille i kirkemøtet, et stort flertall og et beskjedent mindretall, der jeg hørte hjemme. Dette har selvfølgelig skapt ringvirkninger utover i hele landet, som noen omfavner og andre sterkt beklager. Kirken har til alle tider hatt liturgiene oppe til revisjoner på språk og lengde, men så inngrpende som ekteskapslitrugirevisjonen i 2017 ble, er spesielt. Nå har kirken to motsatte såkalte «syn» på hva et kristent ekteskap er. Det er vel rettere å si to ulike lærer?

Det var imidlertid ikke bare én liturgisak som skapte skille i kirkemøteforsamlingen. Også i debatten om dåpslitrugien i 2017 ble det en tydelig kløft mellom såkalte liberale og konservative.

Det er i liturgiene at kirkens lære «lever», det er der vi sier og gjør det vi tror. Derfor er de så viktige for oss som er glade i Den norske kirke og fortsatt vil tilhøre den.



Følg oss på Facebook:  
[@melandkyrkja](https://www.facebook.com/melandkyrkja)



Håkon, Linda og katten Leif Arne (Foto: Torbjørn Bøen)

# Meland sin nye spesialprest

Tekst: Torbjørn Bøen

Eg møter Håkon på ein flott balkong med utsikt mot himmelen midt på Frekhaug. Vårsola skin medan vi - med andakt - nyt den nytrekte kaffien frå Håkon sine eksklusive kaffibønner. Håkon Økland Kinsarvik trer inn i ei ny stilling som spesialprest i Meland kyrkjelyd i juni. Han er ganske fersk som prest, snart 30 år, og gler seg til å ta til i stillinga i juni. Han beskriv seg sjølv som ein energisk, positiv og spontan prest som likar å jobbe med ungdom. Den nye stillinga han skal tre inn i i Meland er ikkje heilt ferdig definert. Dei kallar det nybrotsarbeid på kyrkjekontoret. Det vil seie at dei sjølv må finne ut kva stillinga skal vere ut frå kva behovet er. Arbeid med born og unge er eit av satsingsområda.

## VEGEN TIL PRESTETENESTA

Håkon vaks opp i Vaksdal aust for Bergen. Han er den andre presten frå Vaksdal som kjem til Meland, fortel han.

### HÅKON ØKLAND KINSARVIK

- Gift med Linda
- Frå Vaksdal, bur på Frekhaug
- Tar til som spesialprest i Meland kyrkje i juni



Anders Magne Tolås Wendel var den første og har vore til stor inspirasjon for han. Håkon var lenge ei aktiv sjel i det kristne ungdomsarbeidet i Vaksdal.

– Eg fekk prestekall då eg var 16 år. Det var ei sterk oppleving. I byrjinga ville eg ikkje inn i Den norske kyrkja, men kallet vart så sterkt at eg enda opp her likevel. Og no trivst eg særskodt.

Etter vidaregåande gjekk han på IMI-kyrkja sin bibelskule Acta i Stavanger. Etter det flytta han tilbake til Bergen og byrja som sivilarbeider i Laget (NKSS).

– Men så reiste eg tilbake til Stavanger att og tok bachelor i teologi og innleiande praktikum ved Misjonshøgskulen. Etter 3 år i Stavanger kom eg attende til Bergen og starta masterstudiet på NLA medan eg dreiv med menighetsplanting.



Meland sin nye spesialprest (Foto: Privat)

Det var her han møtte Linda, kona. Dei skulle eigentleg ikkje bli saman sidan dei budde i same kollektiv, men kjærleiken ville det annleis. Linda måtte flytte ut att, og nokre år seinare vart dei gift.

– Etter praktikum i Tromsø fekk eg stiftspraksis på Osterøy. Der trengde dei vikar, så eg blei verande der i 2 år medan eg studerte vidare. Då jobba eg både i Åsane og Osterøy som prest. Eg dreiv med ungdomsarbeid der medan eg skreiv masteroppgåva mi om korleis konfirmantar forstår omgrepene synd.

#### KYRKJA SOM PLATTFORM

Håkon er glad i kyrkja og ønskjer å nå ut til folk.

– Kyrkja er ei enorm plattform for å treffen menneske. Det er også veldig mykje bra i kyrkja; gudstenesta, ungdomsarbeidet. Diakoni er kyrkja særskilt flink på. Kyrkja betyr noko for folk flest. Eg opplever at fleire og fleire prøver å finne ut kva kristendommen er. Den arenaen vi har i den norske kyrkja er heilt unik. Det er noko ein frikyrkjelyd berre kan drøyme om.

Det er fleire ulike kyrkjessamfunn i Meland og omegn. Eg spør kva spesialpresten meiner om plassen til Meland kyrkjelyd.

– Eg trur det er nok folk å ta av. Det er vel cirka 800 som går til gudstjeneste i Nordhordland og det bur nærmere 8000. Det er mange fleire å ta av. Eg synest også at einskapsfesten i Knarvik er eit godt teikn. Vi heier på kvarandre.

Eg spør om favorittema som preiketekst.

– Eg trur eg ofte snakkar om etterfølging. Eg er stor fan av Dietrich Bonhoeffer, Peter Halldorf og Magnus Malm. Ordet etterfølging er ofte tema i mine preker.

Fram til spesialpreststillinga trer i kraft jobbar Håkon i Eidsvåg kyrkjelyd. Han har også jobba som miljøterapeut med utviklingshemma på Steinestø.

– Eg likar eigentleg å jobbe med alle typar folk. Både ungdom og eldre. Nokon gonger gløymer vi at eldre menneske på mange måtar er lik oss sjølve.

Men born og unge trivst eg absolutt saman med.

#### FAMILIE FRÅ KINSARVIK

Det viser seg at han har slektingar i Kinsarvik, som er sokneprest Bjørn Tore Sæle sitt gamle sokn. Håkon ler høgt når han tenkjer på det.

– Bjørn Tore har jo begravd besteforeldra mine. Og så har han døypt borna til søskenborna mine. Eg deltok i ein slik dåp saman med Bjørn Tore lenge før eg visste at vi kom til å bli kollegaer. Det er det vesle eg kjente til han, men eg har høyrt mykje godt om han frå tanter og onklar i Hardanger.

Spesialpresten likar godt å høre på islandsk musikk. Særleg Sigur Rós er ein favoritt. Han spelar ikkje noko sjølv, men kona Linda spelar gitar, piano og syng. No kjem ho smilande heim frå jobben som sjukepleiar i heimetenesta. Dei to verkar særskilt sammensveisna og lykkelege.

– Det blir noko nytt å bu på same plass som eg jobbar, seier Håkon. Dei har budd på Frekhaug ei tid og kjenner fleire i både Knarvik og Meland kyrkjelyd allereie.

#### GOURMETPRESTEN

Håkon likar det gode liv. Han set pris på kvalitetskaffi og elskar å lage god mat. Balkongen vi sit på bugnar av krydderplantar. Linda skryt heminglaust av kokkeleringane hans. Han lagar fantastiske gourmetmåltid, fortel ho. Han likar særskilt godt å lage fiskerettar. Han danderer maten med pinsett og tek seg god tid.

Linda er strålende. Ho kjem frå ein liten plass som heiter Myking i Lindås. Dei to ler av at dei har vore med i ei felles husgruppe i Meland kyrkje i 2 år utan å gå i kyrkja. Håkon har som regel vore opptatt andre stader på søndagane. Men no vert alt annleis.

I løpet av intervjet har eg fått helse på katten Leif Arne. Han likar seg best heime og luskar berre ut om han må. Aller best likar han å kvile på skuldrane til den nye spesialpresten i Meland kyrkjelyd.



## FAKTA

**Namn:** Regine Sagstad Berg  
**Alder:** 30 år  
**Bustad:** Drageneset  
**Sivil status:** Gift med Andreas  
**Yrke:** Avdelingsleiar i Bouvet

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Regine Sagstad Berg  
Foto: Anne Sofie N Uthaug

- **Kva kyrkje tilhører du?**  
– Meland

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Begynte så smått å gå i kyrkja i 2012 då eg flytta tilbake frå studieopphald i Bergen. Har vore soknerådsleiar sidan 2015. Før det var eg veldig aktiv i ungdomsarbeidet under heile ungdomstida, først som nyfrelst disippel og seinare som aktivt styremedlem i ungdomslaget og leiar på konfirmantleiarar.

– **Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?**

– Mangfaldet og det frivillige engasjementet. At vi er i alle aldrar, og at eg opplever at vi har et felles ønskje om å gjera

ein forskjell.

– **Korleis vil du skildre kyrkja?**

– Ein aktiv, engasjert og uredd kyrkjelyd som gjer det beste ut av å bruka mykje tid i eit kyrkjebygg som er best eigna til høgtid og fest, sjølv om arbeidet vårt rommar så mykje meir.

– **Kva salme syng du gjerne for tida?**

– Deg være ære.

– **Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?**

– At kaffien blir kald fordi ein har så mange gode samtalar, og at ein går oppmuntra derifrå.

**MELAND ELEKTRO**  
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR  
Mjåteitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENS SOS**

**22 40 00 40**



KULTURPRIS-VINNAR:  
Bjørn Olav Benjaminsen  
frå Bjørsvik fekk Lindås  
kommune sin kulturpris  
i 2018 for sitt langvarige  
og omfattande arbeid  
innanfor revy og teater,  
som instruktør for mange  
store og suksessfulle  
oppsetjingar i Lindås  
Ungdomslag. Benjamin-  
sen er æresmedlem i  
Lindås UL.

Bjørn Olav har lagt ned tusenvis av timer i revy og teater:

# – Ubetaleleg å sjå ungdom få trua på seg sjølv

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: privat

I FLEIRE TIÅR HAR BJØRN OLAV BENJAMINSEN VORE STERKT ENGASJERT I TEATER- OG REVYARBEID. HAN HAR SETT SJENERTE UNGDOMAR SLÅ UT HÅRET PÅ SCENA. 72-ÅRINGEN FEKK FØR JUL OVERREKT LINDÅS KOMMUNE SIN KULTURPRIS. HAN BER POLITIKARANE OM Å GJE LAGSHUSA ØKONOMISK STØTTE TIL Å EKSISTERA OG UTVIKLA LOKALKULTUREN SOM BLIR SKAPT DER.

Mannen frå Bjørsvik kan sjå tilbake på mange flotte oppsetjingar i Lindås ungdomslag. «My Fair Lady» og Speleemann på taket» er dei to mest kjende, som fekk strålande omtalar både i lokalavisene og i bergenspressa.

Han slår smilande i bordet med førstehjelpskurs i militæret når folk spør om bakgrunnen hans som instruktør for dei mange suksessfulle oppsetjingane i samfunnshuset Haugatun på Lindås. Han har lagt ned mange tusen timer utan å krevja ei krone.

– Drivkrafta er å sjå ungdom utvikla seg og oppleva meistringsfølelse, det er betaling meir enn god nok, seier han.

## PLUTSELEG VAR HAN INSTRUKTØR

Benjaminsen har omrent 40 års fartstid i bandet «Happy

Boys», som blant mange oppdrag også spelte til dans på ungdomslaget sine haustfestar. Det vart starten for Benjaminsen sitt langvarige engasjement i teater- og revylivet i Lindås UL frå slutten av 1970-talet. Han var med i planlegginga av ei oppsetjing, og «oppdaga» på veg heim at han skulle vera instruktør for førestillinga. Så berre balla det på seg.

Han minnest si første oppsetjing som «kulissemakar og lysmeistar» i barnelaget si førestilling «Jul i Eventyrland». – Det tok heilt av, me visste ikkje heilt kva som trefte oss.

## – GJORDE NOKO MED OSS

Bjørn Olav vart også gripen av kor sterkt inntrykk framsynninga gjorde då dei spelte for bebuarane på Nordhordland-stunet (LOAS). Det resulterte i ideen om eit samarbeid mellom ungdomane i Lindås UL og den vaksne gruppa av psykisk utviklingshemma. Saman skapte dei seks-sju flotte førestillingar.

– Det fungerte utruleg bra. Dette samarbeidet gjorde noko med ungdomane i teatergruppa, det skjedde noko veldig positivt, seier han.

## VART ADVART

Oppsetjinga av My Fair Lady er den største publikumssukkessen i teaterlaget. Han vart advart mot å setja opp My Fair Lady og andre musikalar i full versjon med ei gruppe på 18-20-åringar. Tilbakemeldingane var fantastiske. – Eg har sett denne oppsetjinga både i Oslo, England og på TV, men har aldri hatt ein slik god følelse etter framsyninga», var ein av kommentarane.

– Me er amatørar, men me klarar å formidla følelsar og opplevingar slik at det blir ekte, seier Benjaminsen. Han synest det er veldig kjekt med gode ord og reaksjonar.

– Men det som har betydd mest for meg er å sjå at ungdom får trua på seg sjølv, at dei godtar seg sjølv for den dei er.

Benjaminsen fortel om ein forelder som etter ei førestilling spurde kva som har skjedd med guten sin – «han er som forvandla på scena».

## GLEDA VED Å GJERA KVARANDRE GODE

Han har mange slike eksempel. Ein gong oppdaga han ein ungdom som strålte i pausen på ei førestilling – han fortel meg at folk kjem bort og seier «kor flink du er».

– Og når nokon får til ein detalj han har slite med lenge, ja, då blir du sett ut, seier Benjaminsen. Han seier det er vaniskeleg å setja ord på når ungdomane oppdagar gleda ved å gjera kvarandre gode.

– Det har vore viktig både for meg og ungdomslaget å ikkje dyrka einarane, ingen skal utvikla seg sjølv ved å stå på dei andre. Lindås UL har bevist at det går an å få fram einarar og samstundes løfta heile fellesskapet.

Den mangeårige instruktøren blir audmjuk over den tillit ungdomane har vist han. Han har hatt som prinsipp at ungdommane ikkje skal innta scena før dei er klar for det.

## PREBEN HAR NÅDD LANGT

Med bakgrunn frå teatergruppa i Lindås UL er det fleire aktørar som har nådd langt – mellom andre Preben Hodneland som har hatt flotte roller på Den Nationale Scene.

– Han er ein veldig likandes kar, seier Benjaminsen, som fortel historia om då Preben si veninne måtte «tvinga» han til å vera med på Spelemann på taket. «Dette blir første og einaste gong», forsikra Preben før han kom på første øving. Han leverte så det song i veggane i Haugatun. Det gav meirsmak.

Han har lagt ned tusenvis av timer utan å krevja ei krone. - Drivkrafta er å sjå ungdom utvikla seg og oppleva meistringsfølelse, det er betaling meir enn god nok, seier Bjørn Olav Benjaminsen.

To andre i teatermiljøet på Lindås som har nådd langt og fått spennande oppgåver seinare, er Tor Halvor Halvor Halvorsen og Eirik Fauske.

I tillegg til My Fair Lady og Spelemann på taket har Benjaminsen styrt oppsetjingar som Grease, Bør Børson, Sommer i Tyrol og ei rekke andre kjende førestillingar. Saman med ungdomslaget skapte han også tradisjon med før-julskveldar i Haugatun, der både kjende og meir ukjende julesongar fekk ei ny innpakning.

## STORT LAGARBEID

Bjørn Olav Benjaminsen er glad for å ha fått kulturprisen, men er rask med å understreka at det er eit stort lagarbeid som ligg bak.

Han vågar å pirka bort i kommunal kulturpolitikk og har engasjert seg litt i kulturhus-debatten. Han har slett ikkje noko i mot at det blir bygt kulturhus i Knarvik. Samtidig meiner kulturprismottakaren at politikarane må visa forståing for dei ulike lagshusa som også skapar kulturell verksamhet.

– Fleir brukshallane tar arrangement frå lagshus som Haugatun, og dermed mister ungdomslaget inntekter til drifta. Difor meiner eg politikarane bør sjå på økonomiske ordningar som gjer at lagshusa kan klara seg og at lokalkulturen får eksistere og helst utvikla seg, t.d. ved å sleppa kommunale avgifter. Mykje av kulturen dei ved festlege høve snakkar så fint om, vert skapt nettopp i lagshusa kringom på bygdedene. Om desse husa vert borte, vert det mindre lokalkultur å vera stolt av, og til å fylla eit kulturhus med.

– Eg håpar – og forventar at politikarane vil koma oss i møte og gå i dialog for å finna gode ordningar, seier Bjørn Olav Benjaminsen.



# Frisbeegolf i Alver

Tekst: Torbjørn Bøen

Foto: Erlend Åsebø

Meland har i mange år hatt ei av dei beste golfbanene i landet. Men no er det ei anna form for golf som er i vinden. Frisbeegolf får stadig fleire tilhengjarar. Det er òg meir folkeleg og lettare å få til enn vanleg golf. Geir Dahle arbeider som musikkklærar på Nordhordland Folkehøgskule og er ein ivrig diskgolfar.

– Eg har fleire kollegaer som inviterte meg med til å spele og som viste meg grunnleggjande teknikk. Dette passar for alle som er glade i å vere ute i naturen og som likar å kaste.

## FLOTTE BANER I NYE ALVER KOMMUNE

Det er ei ny bane i Knarvik som ligg ved skulane og idrettsanlegget på Knarvik. Det er to banar på Frekhaug, ei i Haltjohansvika og ei i Badevika. Det er òg 9-holsbaner i Hordvik og og på Fonnes. Elles er det ei flott og lang bane på Flaktveit i Åsane.

– For meg er frisbeegolf ein veldig fin måte å komme meg ut i naturen på. Og så er det gøy med konkurransespekter og det sosiale. Eg har jo lyst til å bli betre og helst slå kompisane mine, seier Geir med eit smil.

## BILLIG OG BRA

Reglane for frisbeegolf minner mykje om vanleg golf. Målet er å kaste frå eit utkastpunkt til ei korg på færrast mogleg kast. Du kastar neste kast frå der disken landar.

# Kyrkjeverje i Alver kyrkjelege fellesråd

Tekst: Anne Sofie N. Uthaug

John Fredrik Wallace er tilsett som kyrkjeverje i det nye samnslåtte Alver kyrkjelege fellesråd. Han tek til i stillinga 12. august 2019. Det nye fellesrådet trer i kraft samtidig som Alver kommune 1.1. 2020.

Wallace arbeider no som næringsrådgjevar i Meland kommune og dagleg leiar i Meland

utbyggingsselskap AS. Han har utdanning i samfunnsøkonomi og leiing og brei arbeidserfaring i leiarstillingar, mellom anna frå Vestfoldmuséene, Buskerud fylkeskommune og Nøtterøy sparebank.



## GEIR DAHLE

Kyrkjegjengar på Frekhaug, spelar bass og er med som leiar i Løveggjengen i Meland kyrkje. Gift med Anne Marit Fosse Dahle og far til Jakob (8), Oliva (6) og Anton (4).

Se <http://www.stormkast.no> og <https://www.facebook.com/FrekhaugDiskgolf/> for meir informasjon om frisbeegolf.

I motsetning til klassisk golf er frisbeegolf kanskje den billigaste idretten. Det kostar ingenting å bruke banene, og ein frisbee kostar omrent mellom 150 og 250 kr. Idretten passar for alle frå 7-årsalderen. Nokre av hola ligg i ulendt terren, men det er veldig godt opparbeide stiar, både i Haltjohansvika og i Badevika, spesielt den siste. Den nye bana i Knarvik er ei rein skogsbane. Bana i Badevika på Frekhaug er ei av dei best tilrettelagte banene i Noreg. Det er bygd enorme mengder med grussti, bruar og trapper på denne banen.



Det er Kyrkjeleg fellesnemnd som har tilsett han, og leiaren Grethe Lunde seier at ho er nøgd med å ha fått ein person med allsidig leiarerfaring innan ulike område til å leie prosessen med å samle tre fellesråd til eitt.

Wallace bur i Hillandfeltet i Alversund, er gift, har to voksne born og er ein aktiv frivillig medarbeidar i Den norske kyrkja.

# Meiningsfull utanlandstur

Tekst: Geir Øy

MANGE UNGDOMMAR NYTTAR EIT ÅR ETTER VIDAREGÅANDE SKULE TIL FØRST Å ARBEIDE OG SIDAN Å Å REISE UTANLANDS. TO JENTER FRÅ OSTERFJORDEN, MARI GISKEGGERDE OG BIRGIT JORDAL, HAR OGSÅ VORE PÅ REISE, MEN DEI KOMBINERTE DETTE MED Å GÅ PÅ EIN BIBELSKULE I TRONDHEIM. DER DRIV ORGANISASJONEN NORMISJON «GÅ UT SENTERET».

Birgit gjekk på ei linje med mest undervisning i Norge og seks veker på team i Bangladesh. Mari var heile fire og ein halv månad i Etiopia.

– *Kva var oppgåvene dine, og kva erfaringar har du med deg frå å vere på team i hovudstaden Dhaka i Bangladesh, Birgit?*

– Eg fekk oppleve litt av korleis det er å vera kristen i eit muslimsk land. Det gjorde inntrykk å sjå at fleire måtte møtast i hemmeligkeit. Saman med to andre frå bibelskulen deltok eg aktivt på ein ungdomsklubb, og me var i miljøet på ein vidaregåande skule. Me arbeidde også på eit dagsenter for barn.

Mari fekk også sterke opplevingar i hovudstaden Addis Abeba i Etiopia.

– Eg arbeidde også på eit dagsenter for fattige barn. Målet vårt var å gje barna mykje kjærleik gjennom leik og god oppmerksamhet. Eg arbeidde også i eit prosjekt for gatebarn som hadde kome ut av prostitusjon. Det gjorde sterkt inntrykk å sjå kva erfaringar unge på min alder hadde i Addis Abeba. Berre i byen der er det over 60 000 prostituerte. Gjestfridom og ein flott kultur gjorde også inntrykk.

– *Kva erfaringar har det gitt dykk å gå på «Gå ut senteret»?*

– Eg har fått utforska både forholdet til meg sjølv, forholdet til eit kall og oppgåver i livet, seier Birgit.



– Eg har fått sjå at Gud har eit hjarte for å nå alle menneske med sin kjærleik, seier Mari. Ho kan tenkje seg å reise utanlands igjen om det skulle opne seg ein veg. Uansett kvar dei er, ønsker dei å tene Gud med liva sine, uttrykkjer Birgit og Mari.

Dei to jentene er no på veg inn i studier i Norge. Mari dreg til Elverum og startar på sjukepleiestudiet der med ønskje om sidan å bli jordmor. For Birgit er det meir ope kva hausten vil by på. For dei begge vil erfaringane fra «Gå ut senteret» og tenesta utanlands kunne prege framtida.

## Kristen bokhandel i sentrum av Bergen!

I ei tid med raskt aukande netthandel og lettare tilgong både på tekst, lyd og biletar, blei det etablert ein ny kristen bokhandel i Bergen sentrum i oktober 2015. Berre eit steinkast frå Fløibanen, ei open Korskirke og eit pulserande kafétilbod, ligg Øvre Korskirkeallmenning. Rett nok ei roleg gate, men med 18 parkometerplassar er den likevel attraktiv for butikken.

Kundane uttrykkjer takksemrd for at det finst ein slik butikk også i sentrum av byen.

Dei har eit breitt utval av kristen litteratur både for vaksne og born, biblar på mange språk og kort med bibeltekstar. I

tillegg kan ein nemna ikonmaleri, hustavler med bibelvers, Willow Tree-figurar og hudpleieprodukt frå Dødehavet og Tautra Mariakloster.

Butikken har også ei avdeling med brukte bøker, - både antikvariske og av nyare dato.


Dei ønskjer at butikken skal bli ein god møteplass og arrangerer forfattarmøte og temakveldar.

Velkommen til ein hyggjeleg handel i Øvre Korskirkeallmenning 6!

# KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

	måne-fase, omv.	<u>konj.</u>	<u>salt</u>	ta bort skit	jente-namn	50	tidl. karakter	<u>pryl</u>	<u>tvil</u> land	<u>rogna</u>	<u>måling</u>
	vakker erte-plante										
	hast	gås-unge	<u>am. siø</u> olje-selsk.					far til David			
vår-gras-skade						tre-våpen	medie-organi-sasjon				
											
			-- et <u>labora</u> nekt.	<u>rex</u>		to like sjarm	<u>land</u>	<u>Noreg</u> veg-klasse		blåse-instr-ment	
gjer sin entré					<u>katt</u>						
<u>talord</u> slotts-herre			<u>sorger</u> 500	<u>glor</u>				russisk <u>flood</u> naboar	<u>konj.</u>		
forf.-initi-alar											
ein Prøy-sen			<u>mynt-en</u> grove			<u>fiellet</u>					
ka-jakk-atlet				<u>bratsj</u>	<u>klima</u>			<u>adv.</u>			
utbyggings-utkast				del-pro sjekt				<u>konj.</u>			
gr.st.											



Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 12. juni til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinner i nr 1/19: Solveig Hella, Isdalstø.



## Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
 Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø



**Knarvik Blomsterstove** 

---

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
 Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

**KNARVIK SENTER** 

---

Møteplassen for handel og kultur

# Kulturkalender

*30. mai - torsdag*

## **FRILUFTSGUDSTENESTE**

**Håøytoppen, Kristi himmelfartsdag kl 12**

Friluftsgudsteneste v. Bjørn Tore Sæle. Leiknes blåseorkester tek del saman med organist Arvid Sakseide.

*10. juni*

## **SPORTSANDAKT**

Andre pinsedag følgjer vi tradisjonen, og tek turen frå Eknas vassverk kl. 11, og går til Totlandsfjellet. Der blir det litt program før vi går vidare til Bjørgo, der det blir andakt og song. Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov leier songen. Samlinga tek til når turfølget kjem til Bjørgo, om lag 12.30.

*16. juni - søndag*

## **INNSETJING OG KYRKJELYDSFEST**

**Meland kyrkje kl 11.00**

Innsetjingsgudsteneste for spesialprest Håkon Kinsarvik. Prost Helge Taranrød tek del i lag med sokneprest Bjørn Tore Sæle, organist Trond Fykse og andre musikalske krefter.

Kyrkjelydsfest kl.13:00 på Tveit bedehus, Melandsvegen 116. Allsidig program for barn og vaksne med feiring av innsetjinga og andre gladsaker frå i vår.



**Håkon Økland Kinsarvik**

Spesialprest i Meland kyrkjelyd

Eg er ein meister på å planleggja og få tidskabalen til å gå opp. Kalenderen er full, og det kjennest godt når eg veit kva eg skal gjere dei neste 8 vekene. Når eg vankar, veit eg nesten alt som skal skje, og eg vert uroleg om det er nokre timer dødtid midt på dagen. Sjølv om ikkje alt eg gjer er stressande, viktig eller har mening, har eg likevel ein plan. Eg

# Andakt

lever der framme i tida som skal komme. Neste ferie, neste tur, neste besøk, neste middag.

Me i Noreg har aldri hatt så mykje tid som me har no. Dei av oss som er så heldige at me har arbeid eller skule å gå til, brukar snaue sju-åtte timer der kvar dag. Resten av tida fyller me med det me ønsker, trening, turar, kjøring frå aktivitet til aktivitet, lag og organisasjonar.

Me er tidsøkonomar som brukar tida godt og rett. Spørsmåla er: er eg til stades i livet mitt? Kjenner eg

*23. august - fredag*

## **KONSERT MED YTRE SULØENS JAZZENSEMBLE OG SOLIST TRICIA BOUTTE**

**Knarvik kyrkje kl. 19.00**

Musikkens Venner Nordhordland ønsker velkommen til ein spennande konsert med Ytre Suløens jazzensemble og solist Tricia Boutte.

Billettar på TicketCo.no.

*25. august - søndag*

## **FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ KYSTSOGEDAGANE**

**Holmeknappen kl 11.00**

Friluftsgudsteneste på Holmeknappen i samband med Kystsogedagane.

## **SOLIDARITETSGUDSTENESTE**

**Knarvik kyrkje kl 19**

Tidl. utviklingsminister og visedirektør i UNICEF, Hilde Frafjord Johnson held foredrag. Artisten Bjarte Leithaug deltar.

Arr. Alversund sokneråd og Knarvikmila

kvilepuls? Kjenner eg at våren er her? Eller at klemmen eg får av venene mine blir gitt meg no?

Bibelen handlar mykje om notid, om det som skjer rundt Jesus, disiplane og menneska i tida dei levde. Sjølv om Jesus hadde det største oppdraget i vår tid, var han til stades i livet der og då. Og ofte når han snakka om tida der framme, peika han på at det var no ein levde. At det var nok å være til stades i livet, i notid.

Han var med vene og familie, han var i måltidet. Han

var til stades, ikke med ein ny plan, ikkje med spørsmål om kva me skulle gjøre etterpå, men med kvila i at han var i tida, saman med folka rundt seg. Jesus seier til oss:

«Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.» Matt 6 33-34.

Jesus lærer oss at i hans rike er det nok å vere til stades her og no. Han er her no, klarar me å vere til stades i tida?



**Karianne Toppe**  
Angelskår er gift med  
Oddmund, og dei  
har tre tenåringer.  
Familien bur på  
Leknes.

## OPPSKRIFT

# Potetsuppe med ost – fra Ecuador

(LOCRO DE PAPAS CON QUESO)

### Ingredienser

10 middels store poteter, skrelte og kutta i terningar  
2 ss nøytral olje eller smør  
1 løk, kutta i småbitar  
2 fedd kvitløk, finhakka  
2 ts spisskumin  
1 ts gurkemeie (for å gi suppa ein fin gulfarge)  
15 dl vatn  
3 dl mjølk (bruk gjerne meir viss du vil)  
3 dl kvitost, i terningar (eller raspa ost)  
4 ss koriander, finhakka (kan utelatast)  
Smak til med salt og pepper (ev. ein buljongterning)

### Tilbehør (frivillig):

Avocado i skiver eller terningar  
Finhakka vårløk  
Finhakka koriander  
Sprøsteikt bacon  
Raspa ost  
Chilisaus  
Ferskt brød

### Framgangsmåte:

Varm olja, evt. smøret på  
middels varme i gryta. Ha i  
hakka løk, kvitløk, spisskumin  
og gurkemeie. La løkblandinga  
surre til den er mjuk og blank,  
ca fem minuttar.

Ha potetbitane i gryta og la  
dette surre i gryta i ca fem  
minuttar.

Ha i vatn og kok opp. Kok til  
potetene er heilt mjuke og  
suppa er fyldig. Du kan og  
mose potetene litt dersom du  
ønsker det, men la det vere  
litt potetbitar igjen.

Senk temperaturen, ha i  
mjølka, bland godt og la det  
koke i ca fem minuttar til.  
Dersom suppa er for tjukk,

kan du spe ut med meir vatn  
eller mjølk.

Smak til med salt. Ha i osten.  
Koriander kan du ha oppi  
suppa dersom alle likar det,  
hvis ikkje har du det i ei skål  
ved sida av.

Du kan servere suppa som  
den er eller ha litt tilbehør  
i skåler som kvar og ein tek  
oppå suppa si. Til dømes  
avokado, vårløk, raspa ost,  
sprøsteikt bacon og ein sterk  
chilisaus.

Det er godt med ferskt brød  
til.

Buen provecho!



## Nordhordland Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

**VIRKE**  
GRAVFERD

*Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!*

KYRKJEEGEN 1  
5911 Alversund

FREKHAUG:  
Havnevegen 31,  
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:  
Tlf. 56 99 25 70

*Me går saman med deg heile vegen*

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



## Tårnagenthelg og HipHop-framvising

Tekst: Anne Marit Fosse Dahle  
Foto: Anders Godø

Lørdag 9. mars hadde vi tårnagendag i Meland. Ein flott gjeng med 2.klassingar var med på skattejakt, tur i tårnet der dei fekk sjå ei heilt ekte flaggermus(!), pizzapause, førebuing til gudstenesta og mykje anna kjekt. Søndagen var dei med og bidrog på ulike måtar til ei sprudlande tårnagentgudsteneste.

På same gudstenesta hadde til saman 26 barn frå 1.-7. klasse ei HipHop-danseframvising. I februar og mars har Meland kyrkje arrangert to HipHop-kurs med Siren Godø i spissen. Begge Hip-Hop-gruppene hadde framvising på gudstenesta. Det var ei gudsteneste full av liv og glede!



# Ny i Meland kommune?

Du er hjartelag velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

## Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med **Kyrkjekontoret 56 17 14 80**.

**Felix Vocalis.** Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. **Kontakt:** Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

**Husgrupper.** Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. **Kontakt:** Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

**Internasjonal kafe.** Uformell treffpunkt, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 20.30 på Møteplassen. **Kontakt:** Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

**KRIK Meland.** Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (følg KRIK Meland på Facebook for datoar). To grupper: KompizKRIK: 5-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

**Levande Lys.** Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 - 18.30 på Frekhaug bedehus. **Kontakt:** Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

**Norskkurs for innvandrarrar.** Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00-20.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. **Kontakt:** Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

**Onsdagsklubben.** Leik og moro, bibelforteljing og song, bål og bollar for barn og foreldre. Annankvar onsdag kl. 17.30 - 18.30 i Drømmedalen (mellom Mjåteitstø

og Mjåteitmarka). **Kontakt:** Ruben Sæle, 56 17 14 88.

**Open Møteplass.** Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. **Kontakt:** Marit Sæle, 40 47 35 20.

**Seniors.** Treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden kl.12 på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. **Kontakt:** Victor Bakke, 99 61 75 83.

**SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover.** Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. **Kontakt:** Ruben Sæle, 56 17 14 88.

**Småbarnstreff med baby-sang.** Kvar tysdag kl. 11.00 - 13.00 på Møteplassen. **Kontakt:** Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

**Strilongane.** Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 - 18.30 i Ungdomshuset på Rossland. **Kontakt:** Sandra Bruvik, 45 25 16 09.

**Søndagsskuleklubben.** Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. **Kontakt:** Annlaug Isdal, 99 47 03 09.

**Søndagsskulen Løvegen-** gen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. **Kontakt:** Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

**Yngres Frekhaug.** Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. **Kontakt:** Ruben Sæle, 56 17 14 88.

**Yngres Rossland.** Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 - 19.30 på Rossland bedehus, **Kontakt:** Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

---

MEIR INFO:  
WWW.MELANDKYRKJA.NO

# Kort og nytt

## «GJEVARTENESTEBOOST» PÅ ÅRSMØTET

Søndag 31.03 hadde kyrkjelyden årsmøte på Tveit bedehus. Eit fokusvarpåat gjevertenesta treng eit løft. Kyrkjelyden har mange forpliktingar og ønskjer å ta på seg fleire framover (spesialprest, søndagsskulen, diakoni/diakon, kyrkjefond). På få minutt kom det inn løfte om nesten 50.000 kr i friske årlege gaver. Gjevertenesta er i skrivande stund på ca 400.000. Takk til deg som gir til kyrkjelyden! Vil du også vere med? Sjå sida for gjevertenesta på [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no) under fana «Om kyrkjelyden».

## INNSETJING OG FEST 16.JUNI

Søndag 16.juni vert det innsetjing av Håkon Økland Kinsarvik som ny prest i Meland i Meland kyrkje kl. 11.00. Etter gudstenesta vert det lagt opp til ein familievenleg fest med servering på Tveit bedehus for å feire innsetjinga, at staben er blitt fulltallig, diakonstillinga har blitt full stilling pga diakonimidlars frå bispedømet, og andre grunnar til glede.

## DIAKONIMIDLAR.

I statsbudsjettet for 2019 vart det løyvd 14 millionar ekstra til diakonal satsing i Den norske kyrkja. Av desse har 200.000 i årleg tildeling kome til Meland. Soknerådet sökte om å få hjelpe med delfinansiering av diakonstillinga, som til no har vore basert berre på kyrkjelyden sine eigne inntekter.

## NY KYRKJEVERJE I ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

John Fredrik Wallace er tilsett som kyrkjeverje i det nye samslätte Alver kyrkjelege fellesråd. Han tek til i stillinga 12. august. Det nye fellesrådet trer i kraft samtidig som Alver kommune 1.1. 2020.

# Slekters gang

## Døypte

**17.02.2019**

Laurits Golten Fyllingsnes  
(Ostereidet kyrkje)  
Johan Emil Hindenes-Solheim  
(Ostereidet kyrkje)  
Tobias Hovland-Gunnar (Ådland  
kyrkje)

**24.02.2019**

William Hegna Dale  
Julian Alexander Lande Jones  
Didrik Blommedal Nævdal  
Mathea Soltveit-Oldereide  
Lenea Vetlækre Tonning  
(Kvinnherad kyrkje)

**3.03.2019**

Tarald Engeland Åsebø  
Storm Nilsen Dale  
Matheo William Frønningen  
Helland

**17.03.2019**

Mileah Lilletveit Hjelmås  
Olav Blokhus Johnsen  
Markus Hagen Nilsen

**24.03.2019**

Ask Evander Blomvik-Pettersen

## Vigde

**30.03.19**

Alette Aasvold og Geir Rolland

## Gravlagde

14.02.2019 Bjørn Bråthen (f. 1953)  
19.02.2019 Gisle Aarhus (f. 1936)  
5.03.2019 Elin Straumøy (f. 1956)  
8.03.2019 Ragnhild Johanna Berland (f. 1931)  
8.03.2019 Helga Thorvaldsen (f. 1952)  
12.03.2019 Lars Mongstad (f. 1927)  
22.03.2019 Anna Kamilla Skjelanger (f. 1925)  
29.03.2019 Elbjørg Mongstad (f. 1931)

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
**naturstein**

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

**ALT I CATERING**

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
www.cateringen.com • tlf. 56 17 43 23

Gravstein i alle utførelser  
fra enkle og grove til  
hølpolerte.

Tilbehør til gravstedet

Tilførslor av navn

Oppussing vask, stell

Rehabilitering reperasjon

www.eikner.no

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant  
**Rune Hjermann**  
Kyrkjessundsvegen 81, Holsnøy  
Mob 91163120

**Meland Auto AS**

Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)

**M E C A**

 **Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647

  
**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:

Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

**REMA 1000**

FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

  
**GLØDE**  
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr uteleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbod  
til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.  
Sjå [www.glode.no](http://www.glode.no) eller ta kontakt på 56 17 58 00

**HELÅS AS**

• Gravminner og benkeplater

• Salg av nye steiner

• Vedlikehold

• Reprasjoner (nytt gull eller lakk)

• Navnetilføyelse

• Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.

Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**KIWI mini pris**

for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lør. 9.00 - 20.00

# GUDSTENESTE-KALENDER



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

## 30. mai.

### Kristi Himmelfartsdag.

Kl. 12.00 v/Bjørn Tore Sæle.  
Friluftsgudsteneste  
på Håøytoppen. Leiknes blå-  
seorkester

## 2. juni

Kl. 11.00 v/Helge Hitland  
Dåp og nattverd  
50 års-konfirmantar  
Sommaravslutning for Løve-  
gjengen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 9. juni

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 16. juni

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle og  
Helge Taranrød  
Innsetjing av spesialprest  
Håkon Økland Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet  
Kyrkjelydsfest etter gudstenesta

## 23. juni

Kl. 11.00 v/Helge Hitland  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Menighetsfakultetet

## 4. august

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp. Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 30. juni

Kl. 19.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjefond (ny  
kyrkje på Frekhaug)

## 11.august

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til NMS/misjonspro-  
sjektet

## 7. juli

Kl. 11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp. Nattverd  
Takkoffer til HimalPartner

## 18. august

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Oppstartgudsteneste og  
ranselbøn  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-  
det

## 14. juli

Kl. 11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 25. august

Friluftsgudsteneste på Holme-  
knappen  
Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle

## 21. juli

Kl. 11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Fjon fjellkyrkje og  
ungdomssenter

## 1. september

Kl. 11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Kristen idretts-  
kontakt

## 28. juli

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Den Norske  
Israelsmisjon



Foto: Arve Kjell Uthaug

## Med Cash mot himmelriket

Tekst: Torbjørn Bøen

12. mars fekk vi oppleve ei gudsteneste ramma inn av eit utval av songar og dei gode tekstane frå den amerikanske visesongaren Johnny Cash.

- "Han levde eit utfordrande liv med rusavhengighet, men han fekk oppleve nåden. Cash klamra seg til håpet om himmelen." fortalte prest Torbjørn Sæle som ei innleiing til Cash-messa.

Ei eminent songgruppe frå Felix Vocalis kora med den same kvartetten som imponerte ved Cash-messa i Knarvik kyrkje i haust. Andreas Sagstad Berg, Øyvind Dalland Husabø, Stine Karin Sæle og Rune Haugland var alle med på å visa veg til himmelriket.